

Saksgang

| Utv. | Utv.saksnr. | Møtedato |
|--|-------------|------------|
| Hovudutval for kultur, idrett og integrering | | 25.03.2021 |

Tilskot til inkludering og mangfold 2021

Forslag til vedtak

Vestland fylkeskommune vedtek å løyve kr 881.000,- fra budsjettpost 402 300, fordelt slik:

| Søkjar | Prosjektnamn | Tilråding NOK |
|--|--|---------------|
| 1 Miks ressurssenter for | Grunderprogram for flerkulturelle entreprenører | 0 |
| 2 Vestland idrettskrets | Inkludering i idretten - idrettsglede for alle | 0 |
| 3 Papillon | "Eg e meg!" Skoleprosjekter for videregående skoler og ungdomsskoler | 281 000 |
| 4 Hordaland Røde Kors | Åpne møteplasser med norsk trening | 150 000 |
| 5 Funksjonshemmede fellesorganisasjon Vestland | Kurs, informasjonsvirksomhet og brukermedvirkning | 0 |
| 6 Bergen kommune, bergen kulturskole | Scenedrøm | 0 |
| 7 KFUK-KFUM Norge | Økt ungdomsdriv i Vestland | 100 000 |
| 8 Way Forward | Sunn kropp, frisk hjerne 2021 | 0 |
| 9 Afghansk kulturforening på Vestlandet | Afghansk kulturforening på Vestlandet | 0 |
| 10 Stiftelsen Lystgården | Sosial gastronomi på Lystgården | 0 |
| 11 Bærekraftig liv | Klima og integrering | 50 000 |
| 12 Bergen internasjonale filmfestival | Checkpoints 2021 | 0 |
| 13 Friskus AS | Ut av passivitet og inn i felleskap og aktivitet | 0 |
| 14 International mens health organizasjon | Møteplasser for å fremme mنس helse | 100 000 |

| | | | |
|----|---|---|---------|
| 15 | Landsforeningen for ryggmarksskadde LARS | | 0 |
| 16 | Pensjonistforbundet Hordaland | Aktivitetar i pensjonistforbundet i Hordaland - 2021 | 50 000 |
| 17 | Stiftelsen Espeland fangeleir | Digital almenning - Minner for menneskeverd | 100 000 |
| 18 | Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane | Drift/aktivitetar i Sogn og Fjordane 2021 | 50 000 |
| 19 | Vestland Innvandrerråd | "Demokrati og deltagelse" - Turne i Vestland | 0 |

Det vert vist til vedlegget med oversikt over søkjavar for grunngjeving av vedtaket.

Samandrag

Tilskot til "Inkludering og mangfold" skal støtte opp om frivillig sektor og institusjonar på regionalt nivå som jobbar med å stimulera til brei samfunnsseltaking og å bygge ned hinder som stengjer for dette. Ordninga skal bidra til å motverke utanforskap og stimulere til variasjon og mangfold i tilbod og aktivitetar. Ordninga skal også fremme kunnskap om og respekt for ulike kulturar. 19 søknader er vurdert og 8 er tilrådd tilskot dette året.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Ingebjørg Erikstad
konst sekjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Vedlegg fordeling av tilskot
- 2 Retningsliner

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Hovudutval for kultur idrett og integrering vedtok i sak PS 6/2020 i møte 13.02.2020 retningslinjer for tilskotsordninga "Inkludering og mangfold". Begge dei to tidlegare fylkeskommunane har i sine vedtekne regionale planer hatt fokus på inkludering. Ei sentral oppgåve for den nye fylkeskommunen er oppfølging av frivillighet og samfunnssdeltaking. Medan integrering er knytt til innvandrarar, er inkludering eit breiare omgrep som femner om alle som fell utafor.

Føremål med ordninga:

Målet med ordninga er å stimulere til brei samfunnssdeltaking og å bygge ned hinder som stengjer for dette. Ordninga skal bidra til å motverke utanforskapspraktis og stimulere til variasjon og mangfold i tilbod og aktivitetar. Gjennom ordninga skal kunnskap om og respekt for ulike kulturar, demokrati og menneskerettar styrkast. Tilskotsordninga skal bidra til å bygge opp under fylkeskommunen sine mål og arbeid på området inkludering og mangfold.

Kven kan søkje?

Tilskotsordninga er retta inn mot frivillige organisasjonar med demokratisk oppbygging og institusjonar som arbeidar innan inkludering og mangfold på regionalt nivå og som har heile eller store deler av Vestland som sitt arbeidsområde.

| | |
|--------------------------------------|--------------------------------|
| Budsjett 2021: | kr. 881 691 |
| Søknadsfrist: | 15.02.2021 |
| Vedtak kriteria: | Hovudutvalet 13.02.20, PS 6/20 |
| Kriteria og informasjon om ordninga: | Informasjon på nettsida |
| Tal på søknader: | 19 |
| Tal på søknader tildelt støtte: | 8 |
| Samla søknadssum: | kr 4 497 000 |
| Samla løying: | kr 881 691 |

Det er ingen midlar att til fordeling haust 2021 på denne ordninga.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur idrett og integrering, jfr. Vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

Vurderingar og verknader:

Økonomi: I saka vert det tilrådd fordelt 881 000 kroner som er sett av i budsjett 2021 til drift/tiltak i regi av regionale frivillige organisasjonar/institusjonar.

Klima: Tilskotsordninga skal vere med og hjelpe fram frivillig sektor sin innsats til ei berekraftig regional utvikling med hovudfokus på deltaking.

Folkehelse: Mange av søkerane og tiltaka har klart folkehelseperspektiv og tilskota vil ha positiv verknad på fylkeskommunen sitt samla folkehelsearbeid.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Utviklingsplan for Vestland har m.a. fokus på at Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn. Tilskot til den aktiviteten som søkerane her representerer vil verke positivt inn på samfunnsutvikling i Vestland.

Fylkesdirektøren sine overordna kommentarar til innstillinga:

Ordninga vart overførd til hovudutval for kultur, idrett og inkludering i 2020. Tidlegare heitte ordninga "Ymse tiltak" og det var fylkesutvalet som handterte søkerane. Fylkesdirektøren si tilnærming har vore ei gradvis justering av innretninga på ordninga. Tilskotet er i utgangspunktet på 3 511 691 kroner, og det er allereie fordelt driftstilskot til ymse organisasjonar frå fylkestinget. Det resterande beløpet til fordeling er derfor 881 691 kroner.

Fylkestinget i budsjettetthandsaminga i desember 2020 gjorde følgjande vedtak om løyvingar som ligg til denne budsjettposten:

- Bergen Døvesenter kr 300 000
- FN-sambandet i Norge kr 100 000
- FRI Bergen og Hordaland kr 200 000

| | |
|--|------------|
| • Kirkens SOS | kr 250 000 |
| • Raftostiftelsen | kr 450 000 |
| • Stiftelsen Kirkens bymisjon (helsecenter for papirlause) | kr 300 000 |
| • Stiftelsen Robin Hood-huset | kr 200 000 |
| • Minnemarkering etter tankens dag | kr 50 000 |
| • Vestland innvandrerråd | kr 780 000 |

Fylkesdirektøren vil elles vise til at det innan fleire av fagområda i både avdeling for kultur, idrett og inkludering og i fylkeskommunen elles, vert lagt stor vekt på inkludering, både via tilskot (t.d. idrett og friluftsliv, bibliotek) og via det faglege arbeidet som vert gjort. Arbeidet med tilskota på avdelinga er samordna og vi ser på om vi kan samkøyre enda meir framover.

Søknadsmassen viser at det er mange aktørar som arbeider godt med inkludering og mangfald frå ulike perspektiv, og fylkesdirektøren skulle gjerne sett at vi kunne ha støtt fleire i deira gode arbeid. Fleire av søknadene har også eit tydeleg folkehelseperspektiv.

Nokre av søkerane vil det vere av stor interesse for fylkeskommunen å ha nærmare drøftingar og samarbeid med når integreringspolitikken skal utformast vidare. Fylkesdirektøren vil fortsette arbeidet vidare med dette og også synleggjere for utvalet korleis vi kan legge opp slike mogleg samarbeid vidare. Dette samarbeidet bør også involvere andre sektorar i fylkeskommunen.

Absolutt kriteria:

Søkjar må vere fylkesdekkande eller i det minste dekke store delar av fylket (regionalt nedslagsfelt).

Vurderingskriteria:

- Bygge ned stengsler for aktiv samfunnsdeltaking
- Motivere til aktiv samfunnsdeltaking og motverkar utanforskap
- Stimulere til mangfald i tilbod og aktivitetar
- Fremje kunnskap og respekt for ulike typar kulturar, demokrati og menneskerettar

Fylkeskommunen legg FN sine berekraftsmål til grunn i sitt planarbeid. Berekraftsmåla skal bidra til ein balanse mellom økonomisk utvikling, sosial utvikling og naturmiljøet si toleevne. Tilskotsordninga skal vere med å hjelpe fram frivillig sektor sin innsats til ei berekraftig regional utvikling.

Frivillige organisasjonar som mottek tilskot frå fylkeskommunen skal ha ein heilårleg aktivitet og eit langsigtig perspektiv for sitt arbeid. Fylkeskommunen kan setje vilkår for bruken av tildelte midlar. Tilskot frå denne ordninga vert ikkje gitt til organisasjonar/tiltak som naturleg høyrer heime under andre fylkeskommunale tilskotsordningars (t.d. ordningar innan idrett og friluftsliv, kunst, kultur, m.m.). Vi prioriterer heller ikkje kommunale tiltak innan denne ordninga.

Fylkeskommunen kan krevje betalt attende tilskot som vert nytta i strid med gjevne vilkår.

Generelle vurderingar:

Nokre av søknadene fell utanfor tilskotsordninga, då dei er av lokal karakter. Fylkesdirektøren prioritærer heller ikkje AS og kommunar når det vert tilrådd tilskot frå denne ordninga. Det er gitt prioritet til søkerar/tiltak som ikkje har søkt/fått støtte frå andre budsjettpostar i fylkeskommunen sitt budsjett.

Der vi har tilrådd tilskot, har vi lagt stor vekt på omsynet til tilrettelegging for aktiv samfunnsdeltaking, motverke utanforskap og mangfald i aktivitetar og tilbod. Budsjettetramma set sine grenser og gjer såleis at enkelte gode søknader ikkje vert prioritert for tilskot i 2021.

I søknadsmassen er det både søkerar om driftstilskot og søkerar på meir prosjektretta tiltak. I begge tilfelle vert det lagt stor vekt på at tilskota skal nå mange, samstundes som det skal vere ei viss bredde i aktivitetar og tiltak. Mange av dei prosjektretta søkerne er ulikt komne i finansieringsarbeidet. Dette og den aktuelle korona-situasjonen kan medføre at enkelte prosjekt ikkje vert realisert. Fleire har likevel lagt opp til alternativ gjennomføring fullt eller delvis digitalt. Fylkesdirektøren vil ha tett dialog med tilskotsmottakarane med tanke på framdrift og gjennomføring.

Tilskotsordninga har eit breitt perspektiv og målgruppa er samansett. Det er såleis viktig å evaluere og eventuelt justere ordninga, innretning, retningslinjer, m.m. Det kan også vere aktuelt å vurdere enkelte mindre budsjettjusteringar. Dette vil fylkesdirektøren komme attende til i samband med budsjett og handlingsplan for 2022.

Konklusjon:

Fylkesdirektøren viser til opplysningane og drøftingane over og rår til vedtak i tråd med innstillinga.